

Fra: lars.bjoern.lygre@online.no
Sendt: 28. mai 2017 13:00
Til: Firmapost-Vest
Emne: Vedr. avkjørsle Gnr. 58 Bnr. 7 i Lindås kommune ref. 16/106793-9

Frå Lars Lygre
Lurevegen 1498
5912 Seim

Lygra den 28/5 - 2017

Statens Vegvesen
Dykkar referanse 16/106793

Viser til brev av 15. 5 der de omgjer dykker vedtak om å nekte oss klageadgang på fatta vedtak etter veglova i saka vår.

1.

Det vi enno ikkje har fått avklart, er med kva grunngjeving SV endra sine eigne retningsliner og praksis i slike høryingssaker. Det føreligg dessutan i denne saka ein omfattande korrespondanse fram til 14. mars med kommunen der SV held fast på normal prosedyre. Likevel endrar SV den 16.3 standpunkt og fattar eit vedtak etter veglova.

2.

Vi noterer oss at SV ikkje fører logg over telefonsamtaler, men vi ber likevel om å få gjengitt innhaldet i telefonsamtalar som det er konkret vist til denne korrespondansen og tilsvarende samtaler som kan ha betydning for utfallet av saka. Vi meiner at denne informasjonen er ein del av det underliggjande sakstilfanget som vi har krav på å bli kjent med.

Desse opplysningane er av sentral betydning for utforminga av vår klage i den vidare sakshandsaming retta mot både vegvesen og kommune.

Vi håper at de framskaffar desse opplysningane rask.

Vi ber om utsetjing av klagefrist til desse opplysningane er på plass. Det bør vere kurrant sidan det ikkje er andre parter inne i saka.

Med helsing
Lars B.Lygre
Rita Janet Fløholm.